

Eg tykte endå eg såg lykteloset på leiting etter han i den svarte nyårsnatti. Burte i fjorden der leika no pinsevinden med bylgjene yver gravi hans Knute-Andreas. — Ja, eg var godt kjend med den svarte sida av krossen.

So tok han til og skulde tolka solsida av krossen; men då kom nokre av ungdomslimanane. Eg laut fylgia med dei heim. Det galdt å ordna bladet til ungdomsmøtet. Der sat eg då og las på desse lettverne og kåte stubbane medan hugen blodde og hjarta gret.

Det er siste gongen, dette, kviskra det inne i meg.

Nett med det same eg kom inn til møtelyden att høyrdie eg ei ung klar røyst segja: «Kjem her ein ung dom yver til Jesus i denne bygdi skal han sanneleg ikkje verta åleine».

Eg trødde i vegen og sa: Eg vert ein kristen, kosta kva det vil.

Sidan såg eg att den gamle kjempa. Han stod ned på fjørerorren og vifta til båtane som drog. Fagerlydde songen i pinsedagskvelden, og den gamle vifta og gret. Det tok meg å sjå den sterke mannen so teken og kjenslesam i alt dette sære høgtidsliv. Slik ser eg han endå, gamle Tormod Røttedal. Minnet um han stend jamsides Ludvig Hope, ikkje berre fordi dei i dette høve var ilag; men fordi dei på kvar si vis var sermerkte for kvar si tid.

Mest avgjerande for meg var inntrykket av den siste; men på ei ondor vis stend båe desse soleis samanfløgde, at eg ikkje kann minnast den eine utan den andre. Det vilde elles berre verta eit halvt minne. —

Etter alle var farne, kom der fleire hendingar. Soleis vart eg førd saman med Hope og gjort kjend

med honom. Eg hadde gjort nokon kjend med min fyresetnad frå ungdomsfyredraget hans, og no kom han då og tok meg i handi og sa berre eit par ord. Minnest ikkje kva han sa, minnest berre kor eg hungra etter eit par ord til; men han forsnakka seg ikkje den karen. Eg gjekk so fatig, so fatig; men denne kjensle dreiv meg like ned på kne for Vårherre same kvelden, og der råka eg mannen yver alle Guds menn; menneskesonen, Frelsaren, han som med usynlege hender hadde ført meg til denne livsens evige kjelda.

Bladmannaskulen
gjev upplæring i bladarbeid ved brevbytte. Plan fritt.

Bladstyrar HANS AARNES,
Bygdøy, Oslo.

Solglimit

— månadsblad for Norsk vanføresak —
kjem ut i Alvøy, pris kr.
2,00 um året. Meldingar,
utgreidningar um saki frå
inn- og utland, forteljinar o. a. Styd vanføresa-
ki ved å tinga bladet!

FRAM

14-dagleg tidsskrift, utgjeve
av studentmållaga i Oslo,
Nidaros og Aas.

Kostar berre kr. 1,50 kvartalet.
Fritt og friskt.

Bondeungdomslaget, Stavanger

Matstova, Øvre Holmegt. 20

Kaffistova, Torget 6

Kaffistova, Østervåg 25.

GOD MAT OG GODT STELL.

Kaffistovone åt mållaget Haugesund.

Telefongarden Torget og Haraldsgt. 126
ved Landmannstorget.

Framifrå stell.

Beste og billegaste matstover i byen
Husbanad i norsk stil.
Stort bladhald.

STILLE STUNDER kjem ut i Volda kvar 14. dag og kostar med sendepengar kr. 3.00 for året. Tingarsamlarar fær for 5 løyste blad det 6te fritt. Kan tingast på alle poststadar i landet. Uppsegjingga av bladet må vera komne til sendestova innan utgangen av halvåret. Elles stend tingingi fast. Tilskrift til styret og sendestova er fru sokneprest Barstad, Volda

M. Arfot's prenteverk — Volda.

neven hans Tormod. «Hev du diktat denne songen sjølv?» spurde han. «Ja.» Då sa han nokre ord, som det lyt vera det same um eg ikkje segjer uppatt her. Eg fekk min fyrste literære kritikk; men det er sant at endå minnest eg det varme handtrykket hans Tormod Røttedal, og kor dei gode augo hans lyste.

MATIAS ORHEIM.
(«Kineseren.»)



Nr. 3.

15. februar 1934.

46. årgangen.

Guds lamb.

—o—

Fastelags-sundag.
(Joh. 1, 29–34).

—o—

Sjå det Guds lamb! Det er det første ordet som møter oss i år i fastetidi. Det opnar med ein gong ei utsyn over den tunge bratte vegen opp til Golgata. Sjå Guds lamb! lyder profetordet frå Johannes alt ved fyrste enden av vegen. Sjå det mennesket! segjer Pilatus ved slutten av vegen. Desse to ordi lyser sidan med eldskrift i mannasoga.

Døyparen Johannes var profet og såg profetisk. Han såg oppfylling på spådomar frå det gamle testamentet. Blodet av påskelambet hadde fria Israelsfolket frå Guds dom og soleis teke burt syndi. Men her var ein som skulde vera påskelamb for heile verdi. Jesaja 53 hadde tala um ein Herrens tenar som bar si lidning tolmodig som eit lamb. Og han bar våre synder. Johannes ser

Jesus og segjer at her er dette Guds lamb, det lambet som Gud gjev, her er den tenaren som høyrer. Gud til, han tek på seg syndi åt verdi og ber ho burt.

Dette som Johannes såg med profetauga, det kann me sjå fullført. Mannaætti hev set lambet lide og døy.

Dei fortel at Bjørnson ein gong var inne på folkehøgskulen på Vonheim og høyrd Christopher Bruun tala um den lidande Kristus. Då Bjørnson sidan gjekk heim, tykte han at han såg Kristus krossfest på kvar ein gardstaur. Det var eit syn som han vilde rema ifrå.

Eg meiner det vilde vera godt um alle såg Kristus krossfest. Serleg no i fastetidi. Då slapp me mykje av det syndige lettsinn som just i den tidi synest råda meir enn elles. Og framtidens vegen for vårt norske folk lyt no sjå Kristus krossfest, elles kan vegen bera beint i undergang.

Det vilde alt vera ikkje so lite um folk såg med same menneske-augo som Pilatus. Sjå det mennesket! Sjå martyren, sjå sanningsvitnet! Sjå det og ynkast! Men det er ikkje nok med dette syn, endå det er mange som ikkje kjem lengre enn Pilatus den dag idag.

Betre enn Pilatus-augo er dei Gud-upplyste Johannes-augo. Sjå Guds lamb som lid for syndi og tek burt syndi!

Kristus krossfest syner oss kor forfælende verkeleg syndi er, for ei grysjeleg makt ho er i verdi.

Mange i Jædeland tenkte visst at det stod nokso vel til, berre folket vart fritt frå romarane. Men Johannes såg inn i den djupe syndeskaden som folket leid av, og Jesus såg då endå djupare. Skal det ver-

ta godt, må syndi burt, og den einaste som tek syndi burt, er lambet. Lat difor gjerne Kristus stå for syni krossfest på kvar ein gardstaur. Då gløymer me ikkje kor forfælende verkeleg syndi er, i vårt eige folk, i vårt eige hjarta.

Den kristne songen um lambet er slik som Brorson syng. Me ser den vegen fullenda som Johannes stakk upp. —

Jeg ser dig søde lam at stå
på Sions bjergtop.

Men ak, den vei du måtte gå
så tung, så trang der op.

O byrde som på dig var kast,
al verdens skam og last!

Så sank du i vor jammer ned
så dybt som ingen ved.

Syndi og lambet, dei stend mot einannan. Syndi pynta som ei skjøkje, og lambet mildt og stillfarande. Kven vinn av desse to? Det kristne gledeboden ljomar over verdi: Lambet hev vunne, og kven som vil, kan få vera med i sigeren! For deg vert det spørsmålet: Kva side stend du på? Kven vil du høgra til, syndi eller lambet?

Lambet hev brøytt veg burt frå syndi, og på den vegen møtest Gud og menneske. Frå Guds side heiter vegen: Forlating for syndene; frå vår side: Umvending. Det er den vegen som Jesus gjekk frå dæpen